



Missale Storfjordiensis

- Ordning for hovudgudsteneste i Storfjorden -

i. Samling

1 Førebuing

Kyrkjerommet er ope ei stund før gudstenesta, med høve til å vera stille, tenna lys og be.

Klokkeringing

Det vert ringt 10.00, 10.30 og 10.55

Obs: I Geiranger er tradisjonen at ein ringer 10.30, 10.45 og 10.55.

Her eller etter ledd 3 Helsing kan det vera

Kort informasjon om gudstenesta i dag ved medliturg eller liturg.

Informasjonen blir avslutta med:

ML/L: Lat oss vera stille for Gud.

Kort stille stund

Tre klokkeslag

Kyrkjelydane i Storfjorden har valt å gå rett frå klokkeringing til inngangssalme. Naudsynt informasjon om gudstenesta vert gjeve andre stader i gudstenesta. Ein opnar også opp for at naudsynt praktisk informasjon kan gjevast før klokkene startar å ringe kl 10.55.

Eit stjerneteikn (*) er sett til ledd der kyrkjelyden som hovudregel står.

*2 Inngangssalme

Som preludium kan det framførast vokal-eller instrumentalmusikk som svarar til dagens karakter. Til vanleg blir dette gjort som forspel til salmen.

Det kan vera prosesjon under preludiet/forspelet og/eller inngangssalmen. Prosesjonskross blir boren fremst i prosesjonen. Lys, tekstbok, dåpsvatn, brød og vin kan òg bli bore inn.

Dersom brød og vin ikkje er sett fram på eit eige sidebord, eller på altaret før gudstenesta, blir dette bore inn i prosesjonen og sett på sidebordet eller på altaret.

Kyrkjelyden står under prosesjon, Inngangssalme og Helsing.

*3 Helsing

Når det er dåp i hovudgudstenesta, vel ein eitt av dei to første inngangsorda.

Før dei to første alternativa til inngangsorda kan liturgen seia:

Kjære kyrkjelyd:

L | Nåde vere med dykk og fred
frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

eller

L | Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik
og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle.

eller

L | I namnet åt Faderen og (✠) Sonen og Den heilage ande.

eller

L | I namnet åt Faderen og (✠) Sonen og Den heilage ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Kyrkjelyden set seg.

Dersom kort informasjon om gudstenesta ikkje vart gjeven under ledd 1, kan det koma her.

4 Samlingsbøn

Sjå samlingsbøner og bruken av desse.

Soknerådet stiller liturgen fritt til å velge samlingsbøn. Sjå side 168 ff.

ML | Lat oss be.

anten 1

ML | Gud, vi er komne inn ditt heilage hus for å ta imot det du vil gje oss.
Lat no opp hjarta våre, så vi kan fornyast i trua på deg.

eller 2

ML | Heilage Gud, vi er samla for ditt andlet for å møte din kjærleik og di sanning.
Send oss din Ande og gjer oss opne for det du vil gje oss. Lat ordet ditt slå rot i hjarta våre, så Kristus lever i oss, og vi blir eitt i deg og tener deg i alle ting.

eller 3

ML | Gode Gud, du som gjev liv til alt som lever, vi prisar deg for alt det vakre på vår jord, og for alt som lèt oss kjenna at du er god.

Her for ditt andlet bed vi: Gjev oss lyttande øyre, takksame hjarte og tenande hender, så vi kan høyra ordet ditt, lovprisa deg for di miskunn, og i ord og gjerning vitna om dine storverk.

ML | Gud, vi bed.

A | **Amen.**

5 Syndsvedkjenning

Følgjer her, eller som ledd 17. Syndsvedkjenninga blir innleidd med:

L | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

eller

L | Lat oss bøya oss for Gud og be om tilgjeving.

eller

L | I tillit til Guds nåde vil vi sanna syndene våre.

eller

L | I tillit til Guds nåde vil vi be om tilgjeving.

Stilt ei kort stund

Liturgen kneler under syndsvedkjenninga og den stille stunda. Også kyrkjelyden kan knela.

anten a

A | **Gud, ver meg nådig!**

**Eg har synda mot deg og svikta min neste
– med tankar og ord, med det eg har gjort,
og med det eg har forsømt.**

**Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte,
og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.**

eller b

A | **Gud, ver meg nådig!**

**Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld. Skap i meg eit reint hjarte,
og gjev meg kraft til nytt liv ved din heilage Ande.**

Kyrkjelydane i Storfjorden nyttar normalt denne forma på syndsvedkjenninga.

eller c

A | **Gud, du kjenner og elsker oss alle. Du vil at vi skal ta vare på kvarandre og på jorda.
Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot. Tilgjev oss og hjelp oss, for Jesu skuld.**

eller d

A | **Heilage Gud, vår skapar, sjå i nåde til oss.**

Vi har synda mot deg og brote boda dine.

**Tilgjev oss for Jesu Kristi skuld. Set oss fri til å tena deg,
verna om skaparverket
og møta vår neste med kjærleik.**

Det er også høve til å nytta syndsvedkjenninga frå 1977-ordninga:

Heilage Gud, himmelske Far, sjå i nåde til meg, syndige menneske, som har såra deg med tankar, ord og gjerningar og kjenner den vonde hug i hjarta mitt. For Jesu Kristi skuld, ha tol med meg. Tilgjev meg alle mine synder og gjev at eg må ottast og elska einaste deg.

Til somme gudstenester kan ein bruka andre syndsvedkjenningar enn desse fem alternativa. Bøna kan hentast frå ulike kjelder, eller ho kan formulerast lokalt.

Liturgen kan seia eit lovnadsord etter syndsvedkjenninga: [Liturgen avgjer om og kva for eit lovnadsord.](#)

L | Guds ord seier: dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd. [1 Joh 1,9](#)

eller

L | Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå vest, tek han syndene våre bort frå oss. [Sal 103,11-12](#)

6 Bønerop KYRIE og 7 | Lovsong GLORIA

Kyrie og Gloria blir sungne. Gloria kan utelatast i fastetida.

Musikken og teksten til ordinarieledda i gudstenesta blir normalt henta frå dei fem godkjende seriane i Den norske kyrkja. Sjå notar til musikken i Liturgisk musikk eller Gudstenestebok for Den norske kyrkja.

Allmenn serie 1 Kyrkjelydane i Storfjorden nyttar denne serien. Dei andre seriane, samt samisk er difor teken ut av dette dokumentet. Dei kan finnast i gudstenesteboka.

anten kyrie 1 a

A | Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna deg. Kriste eleison. Herre Krist, miskunna deg. Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna deg.

anten gloria 1 a

L/ML | Ære vere Gud i det høgste

A | og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Ved kort form: Amen.

Ved fullstendig form (Laudamus):

ML | Vi hyllar deg for din store herlegdom, Herre Gud, himmelske konge, allmektige Fader.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

ML | Herre, Guds einborne Son, Jesus Kristus,

Guds Lam som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss. Du som sit ved Faderens høgre hand, høyr vår bøn.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg.

ML | For einast du er heilag, einast du er Herren,

einast du er Den høgste, Jesus Kristus, med Den heilage ande i Faderens herlegdom.

K | Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

eller gloria 1 b

Kyrkjelydane i Storfjorden ynskjer å bruke denne på dei tre store høgtidsdagane.

A | Vi lovar, prisar, tilbed deg, vi gjev deg takk og ære.

Med evig truskap herskar du, ditt namn velsigna vere!

Ja, utan grenser er di makt

og alt må skje som du har sagt, du allmakts Gud og Fader.

Å Jesus Krist, Guds eigen Son, som herskar med din Fader, forsonar, ver vår hjelp og von, og trøyst mot alt som skader. Gjev oss din nåde, du Guds Lam, som bar all verdsens synd og skam, du Herre, høg og heilag.

Du Heilag Ande, største skatt, du kan oss evig trøyste, og verne dei mot Satans vald som Jesus Krist forløyste.

I naud og fare styrk vår von, ved trua på Guds eigen Son, og gjer oss sæle. Amen.

eller gloria 1 c

Salmen Måne og sol (N13: 240), eventuelt med innleiing:

L/ML | Syng for Herren, pris hans namn. Forkynn frå dag til dag hans frelse.

Ved somme høve kan bøneropet bli utforma som eit litani (N13: 981) eller som lokalt utforma kyrielitani med omkved frå N13: 976. I særskilde gudstenester kan ein også nytta eit anna kyrie.

Ved somme gudstenester kan ein nytta ein annan lovsong eller eitt eller fleire lovsongsomkved.

Dåp i hovudgudstenesta har ein vanlegvis her.

8 Dagens bøn

Kyrkjelydane i Storfjorden har avgjort at dagens bøn normalt er med i gudstenester i vårt område.

Dagens bøn kan utelatast. Bøna blir sungen eller sagt fram.

Sjå Dagens bøn.

Bøna blir innleidd med:

L | Lat oss alle be.

Bøna blir avslutta med:

K | **Amen.**

ii. Ordet

I andre hovudgudstenester enn høgmessa kan det vera to lesingar, eller éi lesing (evangeliet). Då kan ledd 10 Bibelsk Salme / Salme falla bort. Kyrkjelyden står under evangelieleinga og sit under dei andre lesingane.

L/ML | Lat oss høyra Herrens ord.

9 Første lesinga

Frå Det gamle testamentet

ML | Det står skrive i/hos...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

10 Bibelsk salme / Salme

Ein kan syngja ein bibelsk salme eller ein annan salme, det kan framførast korsong eller vera stilt ei kort stund mellom lesingane.

11 Andre lesinga

Frå Det nye testamentet utanom evangelia

ML | Det står skrive i...

Lesinga sluttar med:

ML | Slik lyder Herrens ord.

*12 Evangelium

Halleluja

Kyrkjelydane i Storfjorden har valt å gjere det som følgjer: Evangelielesinga blir innleidd med eit hallelujaomkvede eller eit salmevers med hallelujaomkvede. Normalt har vi evangelieprosesjon. Den som ber boka kan bli følgd av lysberarar.

Normalt vert 977.6 nytta, men 977.4 eller 977.5, samt *Benedicamus* (Gud vere lova, halleluja..) frå Allmenn serie 1 kan også nyttast. Når ein brukar eit nytt hallelujaomkved, bør det brukast over ein lengre samanhengande periode slik at kyrkjelyden lærer det.

I fastetida kan ein erstatta halleluja med eit sunge svarledd med eit innhald som svarar til fastetida (tractus). Som tractus nyttar vi N13 969, men alternativ kan også vere: 926, 927, 928, 932 og 939.

Evangelielesinga blir innleidd med eit hallelujaomkvede eller eit salmevers med hallelujaomkvede. Ein kan òg ha evangelieprosesjon. Den som ber boka kan bli følgd av lysberarar.

Sjå hallelujaomkvede i N13: 977.1-7.

Også Lovprising/Benedicamus i ledd 25 kan nyttast som hallelujaomkvede.

I fastetida kan ein erstatta halleluja med eit sunge svarledd med eit innhald som svarar til fastetida (tractus). Som tractus kan ein til dømes syngja desse salmane: N13: 926, 927, 928, 932 og 939.

Evangelielesing

L/ML | Det står skrive i evangeliet etter...

Lesinga sluttar med:

L/ML | Slik lyder det heilage evangeliet.

Respons

Hallelujaomkvedet blir teke oppatt, eller det blir sunge ein kort salme eller eit anna svarledd ved kyrkjelyd eller kor. På førstedagar kan ein syngja eit høgtidsvers som respons (N13: 41, 193, 228).

13 Preike

Predikanten preikar over evangelieteksten eller annan oppsett preiketekst.

Preika kan avsluttast med ei av desse lovprisingane:

L | Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande,
som var og er og vera skal éin sann Gud frå æve og til æve.

eller

L | Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Etter preika kan det vera høve til ei stille stund, ein kort salme eller meditativ musikk.

*14 Truvedkjenning credo

Truvedkjenninga blir sungen eller sagt fram. Kyrkjelydane i Storfjorden vil arbeide for at truvedkjenninga blir sungen, og at born og unge får lære det når dei lærer om gudstenesta.

I dei fleste gudstenester ynskjer vi å nytte den apostoliske vedkjenninga. På høgtidsdagane 1. juledag, 1.påskedag, 1.pinsedag nyttar vi den nikenske.

Tekster på samisk og kvensk, sjå side 111–120.

Dersom det er dåp i gudstenesta, kan truvedkjenninga utelatast her. Eventuelt kan ein her syngja ein truvedkjenningssalme. Eksempel: 238 ff

ML/L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru. **A** | **Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.**

**Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå
og døma levande og døde.**

**Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen
og evig liv.**

Amen. *Den apostoliske truedkjeninga*

eller

A | **Vi trur på éin Gud, den allmektige Far,
som har skapt himmel og jord, alt synleg og usynleg.**

**Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus, Guds einborne Son,
fødd av Faderen før alle tider, Gud av Gud, lys av lys,
sann Gud av sann Gud, fødd, ikkje skapt,
av same vesen som Faderen. Ved han er alt skapt.
For oss menneske og til vår frelse steig han ned frå himmelen,
og ved Den heilage ande og av Maria møy vart han menneske av kjøt og blod.
Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus, leid og vart gravlagd,
stod opp tredje dagen etter Skriftene og fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Faderen, skal koma att i herlegdom
for å døma levande og døde,
og hans rike skal vera utan ende.**

**Vi trur på Den heilage ande, som er Herre og gjer levande,
som går ut frå Faderen og Sonen,
som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen, og som har tala gjennom
profetane.
Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje. Vi vedkjennest éin dåp til forlating for
syndene og ser fram til oppstoda av dei døde
og eit liv i den komande verda. Amen.** *Den nikenske truedkjeninga.*

15 Salme

Salmen kan utelatast dersom ein syng truedkjeninga. Som alternativ kan ein syngja salmen mellom ledda 13 Preike og 14 Truedkjening.

16 Kunngjeringar

Ein har kunngjeringar her eller ein annan stad i gudstenesta, eller formidlar desse til kyrkjelyden på annan måte.

17 Syndsvedkjening

Følgjer her eller som ledd 5.
Sokna i Storfjorden har valt å ha syndsvedkjenning som ledd 5.

18 Forbøn for kyrkja og verda

Sjå forbønstema, forbønsmodellar, formulerte forbøner og litani.

Forbøna kan utformast lokalt, eller ein kan bruka ferdig formulerte bøner.
Forbøna bør helst leiast av ein medliturg. Dei enkelte bønneavsnitta kan lesast av fleire.

Kvart bønneavsnitt kan avsluttast med:

ML/L | Gud, vi bed.

eller

ML/L | Det bed vi deg om, Gud.

Lese eller sunge av den som bed bønneavsnittet.

Forbøna med lokal utforming kan disponerast etter desse temaområda:

- 1 Folk og nasjonar på jorda.
- 2 Vårt land og folk.
- 3 Den verdsvide kyrkja og kyrkja i vårt eige land.
- 4 Vår kyrkjelyd, familieane våre og staden der vi bur.
- 5 Aktuelle hendingar.

Ein bed for aktuelle hendingar i dei temaområda der dei naturleg høyrer heime (1–4), eller i eit eige avsnitt (5).
Dersom det er dåp i hovudgudstenesta, kan ein òg be ei av dei tre bønene frå dåpsliturgien (ledd 7).
I fastetida og på Bots- og bønndag nyttar ein som hovudregel litaniet.

Forbøna kan bli innleidd med:

ML/L | Lat oss be for kyrkja og verda.

Kyrkjelydssvar

Etter kvart bønneavsnitt følgjer eit svar frå kyrkjelyden, sunge eller lese.

anten

M | Herre, høyr vår bøn.

eller

M | Høyr vår bøn. Høyr vår bøn. Lat riket ditt koma, lat viljen din råda. Høyr vår bøn.

eller

M | Herre, høyr vår bøn.

eller

M | Herre, vår Gud, høyr oss når vi bed.

Etter siste bønneavsnitt syng alle **Amen**.
Her kan ev. følgja Fadervår.

Vi minnest dei døde og bed for dei sørgjande

Forbøna kan avsluttast med at kyrkjelyden minnest dei som er døde, og som det har vore halde gravferd for sidan

sist kyrkjelyden var samla.

ML/L | Vi reiser oss og minnest dei i kyrkjelyden vår som det er halde gravferd for sidan sist vi var samla.

Kyrkjelyden reiser seg.

Ein les opp namna på dei døde. Kort stille stund.

ML/L | Lær oss å telja våre dagar så vi kan få visdom i hjartet! **Sal 90,12**

eller

ML/L | Jesus seier: «Eg er oppstoda og livet.

Den som trur på meg, skal leva om han så døyr.» **Joh 11,25**

eller

ML/L | No er livet gøymt hos Gud. Vi overgjev alt til han. Håpet er tent i liv og død. Ingen er gløymd av Gud. (N13: 872,5 – her omsett til nynorsk, T Svein Ellingsen)

Deretter kan ein be denne eller ei liknande bøn:

ML/L | Miskunnsame Gud, trøyst dei sørgjande og ver dei nær i tida som kjem.

Her kan kyrkjelyden syngja svaret dei song i forbøna.

Bønevandring kjem som hovudregel under forbøna i gudstenesta (ledd 18), men kan eventuelt koma samstundes med nattverdsutdelinga, når ein har bede ei felles forbøn i forbønsdelen. Om ein bed ei bøn for dei som har delteke i ulike stasjonar i bønevandringa, skal ein ikkje kombinera denne bøna med Takkebøn for nattverden etter måltidet.

19 Takkoffer frå kyrkjelyden

Takkoffer kan ein samla inn her eller under salmen i ledd 20, eventuelt under ledd 27.

Under ofringa kan det framførast høveleg instrumental- eller vokalmusikk. Takkofferet kan samlast inn i kyrkjebenkene eller ved at ein går rundt altaret.

Ofringa blir avslutta med:

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne.

Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

A eller **L** | **Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.**

Om nattverd ikkje er med i hovudgudsteneste, går liturgien vidare med ledd 24.

iii. Nattverd

20 Førebuing av måltidet

Nattverdssalme

Takkofferet kan ein samla inn her eller under ledd 19, eventuelt under ledd 27. Innsamlinga kan skje før ein syng salmen, eller medan ein syng. Kyrkjelydane i Storfjorden er samde om at takkofferet vert samla inn her, under ledd 20. Alternativet er ved utgangen, under ledd 27. Nokre av kyrkjelydane har tidlegare gjort vedtak om når ein skal gå rundt alteret og gje gåva si, og når det skal samlast inn i benkane. Ein følgjer desse tradisjonane framleis.

Bordet blir dekt. Ein legg brød på disken og heller vin i begeret.

Ofringa blir avslutta med:

L | Velsigna er du, Gud. Di er jorda og det som fyller henne. Av ditt eige gjev vi deg attende. Sameina di kyrkje av alle folkeslag og tungemål.

Liksom kornet har vorte eitt i brødet og druene i vinen, så gjer oss til eitt med kvarandre og med Herren Jesus Kristus.

A eller L | **Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.**

eller

L | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende.

A eller L | **Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.**

*21 Takkseiing og bøn

Kyrkjelydane i Storfjorden ynskjer at Nattverdsbøn A er den som normalt vert nytta. Dersom dagens liturg ynskjer å bruke ei anna nattverdbøn, må klokkar og kantor informerast om dette på førehand. I dette dokumentet er nattverdsbøn b-g tekne ut av plasshensyn, men ein finn dei i gudstenesteboka.

Det er melodiane til Allmenn serie 1 som vert nytta i våre kyrkjelydar.

(Omarbeidd frå høgmissa 1977)

Nattverdsbøn a

Helsing PREFASJONSDIALOG

L syng eller seier | Herren vere med dykk.

K reiser seg og syng | **Og med deg vere Herren.**

L | Lyft dykkar hjarte.

K | **Vi lyfter våre hjarte til Herren.**

L | Lat oss takka Herren vår Gud.

K | **Det er verdig og rett.**

Innleiande lovprising PREFASJON

Liturgen vender seg mot altaret og syng eller seier fram prefasjonen.

Sjå prefasjonar for kyrkjeårstida.

I treeiningstida

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sende til frelse for verda, for at vi ved hans død skulle få forlating for syndene og ved hans oppstode vinna det evige livet. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

eller

L | I sanning verdig og rett er det at vi alltid og alle stader takkar deg, allmechtige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre. Han er det levande brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv, så den som kjem til han, ikkje skal svelta, og den som trur på han, aldri skal tørsta. Ved han lovsyng englane din herlegdom, og di kyrkje i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med

samrøysta lovsong. Med dei vil vi òg blanda våre røyster og tilbedande syngja:

Heilag SANCTUS

Allmenn serie 1, 2, fest- og fasteserien

A syng | Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

L/ML seier | Vi prisar deg, heilage Gud, Skapar av himmel og jord, du som har elska verda og gjeve Son din, Jesus Kristus, for at han skulle frelsa oss frå synd og død og vinna deg eit heilag folk.

L | Vi bed deg: Send din Ande over dine gåver, så vi kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

Innstiftingsorda Verba

L | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han begeret etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av det! Dette beger er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

Når liturgen syng eller seier fram orda, eller etter kvar del av innstiftingsorda, lyfter liturgen først brødet, deretter vinen.

Her kan følgja

Mysteriet i trua

Blir sunge eller sagt fram.

L | Mysteriet i trua er stort.

A | Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

L/ML seier | Nådige Gud, til minne om Son din, han som leid og døydde for oss, feirar vi med glede og takk dette måltidet i trua på hans sigerrike oppstode og himmelferd medan vi ventar på at han kjem att i herlegdom. Vi bed deg: Fyll oss med din Ande og kjærleik, så vi kan kjenna att Kristus i den som svelt og tørstar. Lær oss å elska kvarandre som han har elska oss, og lat oss ein gong samlast hos deg i ditt fullkomne rike.

Nattverdsliturgien går vidare med Fadervår.

Fadervår

Blir sagt fram eller sunge.

I Storfjorden har ein blitt enige om å nytte den forma som står under.

Sjå Norsk salmebok 2013 nr 984.2 og 4 og 985.2 og 4.

A | Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

Det er også høve til å nytta Fadervår etter 1977- og 1920-liturgiane.

*22 Nattverdsmåltidet

Kyrkjelyden står heilt til dei første går fram til nattverden.

Fredshelsing PAX

L seier | Guds fred vere med dykk.

K | **Guds fred vere med deg.**

Her kan ein leggja til:

L/ML | Lat oss helsa kvarandre med eit teikn på fred.

Kyrkjelyden helsar kvarandre med handtrykk og seier «Guds fred» eller liknande ord.

Her kan koma

Brødsbryting

L | Brødet som vi bryt, gjev oss del i Kristi kropp. Fordi det er eitt brød, er vi alle éin kropp.

Du Guds Lam AGNUS DEI

Allmenn serie 1, 2, fest- og fasteserien

A syng | **Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.**

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

L seier | Kom, for alt er gjort ferdig.

Som alternativ kan ein gje invitasjonen før kyrkjelyden syng *Du Guds Lam*.

Utdeling

Under utdelinga kan ein syngja ein eller fleire salmar, eller det kan vera korsong eller annan høveleg musikk.

Utdelingsorda lyder slik:

Kristi kropp, gjeven for deg. Kristi blod, gjeve for deg.

Det er òg høve til å nytta utdelingsorda Dette er Jesu lekam. Dette er Jesu blod.

Dei som kjem fram og viser at dei ikkje skal ta imot nattverden, blir velsigna av den som ber brødet, med handspålegging eller krossteikning.

Liturgen kan seia dette eller liknande ord:

Herren velsigne deg og vare deg og føre deg til det evige livet.

Dersom det er utdeling med felles knefall, kjem fredsønsket anten etter kvart knefall eller til slutt.

Etter utdelinga:

L seier | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder.

A (eller L) | **Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.**

L | Fred vere med dykk.

23 Avslutning av måltidet

Alteret blir rydda. Beger og disk blir dekte med nattverdsklede.

Takkebøn

Her kan liturgen/medliturgen seia eller syngja:

L/ML: Lat oss takka og be

Her bed ein ei av takkebønene nedanfor, den første kan liturgen syngja:

Vi i Storfjorden stiller liturgen fritt til å velje takkebøn.

L/ML | Vi takkar deg, himmelske Far, for dine velsigna gåver. Vi bed at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss idin kjærleik og stadfesta i oss håpet om det evige livet, for Jesu Kristi skuld.

K | Amen.

eller

L/ML | Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid: Brødet vi har brote, er eitt. Son din har gjeve sitt liv for éi verd og éi menneskeslekt. Vi bed deg:

A eller L/ML | Hjelp oss å høyra det ropet du har høyr, å sjå den nauda du har sett, og å elska nesten vår som oss sjølve.

eller

L/ML | Vi takkar deg, nådige Gud, du som gjennom brødet og vinen har gjeve oss del i Jesu Kristi sigerrike død og oppstode. Vi bed deg:

A eller L/ML | Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

eller

L/ML | Trufaste Gud, du som i dåpen har gjeve oss barnekår og gjort oss til arvingar i ditt rike. Vi takkar deg for dette måltidet, der du har gjeve oss forlating for syndene og fornya oss i trua på dine lovnader. Vi bed deg:

A eller L/ML | Styrk oss ved din Ande til vitnemål og teneste i verda.

iv. sending

*24 Salme

Salmen kan flyttast til Postludium/Utgangsprosesjon, ledd 27.

*25 Velsigning

Når det gjeld velsigningsord som kan brukast på andre hovudgudstenester enn høgmissa.

Velsigninga blir sungen eller lesen.

Den enkelte kan gjera krossteikn etter velsigninga. Innleiing til velsigninga kan vera:

Vi i Storfjorden stiller liturgen fritt til å velje.

Lovprising BENEDICAMUS

L/ML syng eller seier | Lat oss prisa Herren.

A | Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

eller

Helsing SALUTATIO

L syng eller seier | Herren vere med dykk.

K | Og med deg vere Herren.

eller

L seier | Ta imot velsigninga.

L syng eller seier | Herren velsigne deg og vare deg. Herren late sitt andlet lya over deg og vere deg nådig. Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ☩

Kyrkjelyden kan syngja:

K | **Amen. Amen. Amen.**

Tre gonger tre bøneslag

*26 Utsending

Dersom kyrkjelyden blir sitjande under det etterfølgjande postludiet, kan utsendingsordet seiast etter postludiet.

Her kan følgja:

L/ML | Lat oss gå i fred,

A | **i Jesu Kristi namn.**

eller

L/ML | Gå i fred. Ten Herren med glede.

Vi i Storfjorden ynskjer at dette kjem etter postludiet så sant det ikkje er prosesjon.

*27 Postludium/Utgangsprosesjon

Dersom det er utgangsprosesjon, kan kyrkjelyden følgja etter prosesjonen. I staden for postludium kan kyrkjelyden syngja ein salme medan ein går ut.

Etter gudstenesta kan kyrkjerommet vera ope ei stund, med høve til stille bøn og ettertanke.

Ein kan òg følgja opp oppdraget ved utsendinga med fellesskapssamling, soknebod og anna besøksteneste, forbønsteneste og andre diakonale og misjonale handlingar.